



Hordaland Elghundklubb

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/122 - 15/7649

Saksbehandlar:

Kristine Skaiaa Born

kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:

29.06.2015

Støtte til NM i bandhund - Hordaland Elghundklubb

Delegasjonssak nr.: 172/2015

Viser til dykkar søknad sendt Radøy kommune, dagsett 12/03/2015. Saka var ope til vurdering på møte i Underutvalet for vilt og innlandsfiske 21/5/2015.

Underutvalet var positive til bruk av midlar frå Radøy kommunes viltfond til NM i bandhund arrangert av Hordaland elghundklubb. Hadde vore ønskeleg med eit budsjett for korleis midlane skal nyttas i søknaden. Underutvalet ønskjer og å invitere Hordaland Elghundklubb til Radøy for å holde foredrag om bruk av hund på hjortejakt for våre jegere.

Vedtak:

Radøy kommune løyver 4180 kr frå sitt viltfondet til Hordaland Elghundklubb for å arrangere Norgesmesterskapet for bandhund 2015.

Midlane overføres Hordaland Elghundklubbs konto (1503.22.60052)snarleg.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Toril Marie Mullen
leiar

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Hordaland Elghundklubb